

Nærings- og fiskeridepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet

Vår referanse:	Dykkar referanse:	Sakshandsamar:	Dato:
2024/13509 – 2	24/7392	Karina Nerland	16.12.2024

Høyrings svar om forslag til lov om besøksbidrag

Sognarådet IPR har i møte 13. desember 2024 vedteke slik fråsegn:

Sognarådet er positiv til at det blir innført ei ordning med besøksbidrag, men det må i tillegg utviklast ei meir treffsikker ordning som fangar opp dagsbesøkande.

Vi vil påpeika at det er viktig at ein no ser heile bilete under eitt og ikkje seier at vi skal sjå på cruise seinare. Skal ein få ei velfungerande ordning må ein sjå det totale bilete.

Små kommunar og lokalsamfunn som har vesentlege utfordringar med mange dagbesøkande, har behov for løysingar som sikrar nok ressursar til etablering, utvikling og drift av infrastruktur. Forslaga i høyringsnotatet kan vera aktuelle for enkelte reisemål og kommunar, men vil ikkje bidra til dynamisk besøksstyring i periodar med stort press frå besøkande.

Sognarådet ber om at det vert opna for ei ordning/ pilottesting for å prøve ut modell med besøksbidrag for dagsbesøkande.

Pilotprosjekt bør gjennomførast for nokre få, utvalde pressområde i Norge. Ei digital løysing basert på «Venezia-modellen» kan vere aktuell, der ein utarbeider ein variant med tilgang både via nettside og applikasjon. Ei slik løysing kan dekkje alle besøkande, uavhengig av overnattings- og transportform. Lokalbefolkning i kommunen og regionen, varetransport, pendlarar mv får fritak for betaling.

Kommunar og lokalsamfunn med mange dagsbesøkande har behov for ei ordning som bidreg til både finansiering og besøksstyring. Besøksstyring ved bruk av dynamisk prising inn til pressområda på ulike tidspunkt bør inngå i ein slik pilot. Nye digitale verktøy bør prøvast ut for å gi betre besøksstyring og berekraftig besøksforvaltning i sanntid og på lang sikt. Pilottesting vil gje eit kunnskapsgrunnlag før etablering av ein permanent lokal/nasjonalt modell.

For å skape tillit til ordninga bør forvaltninga vera regional og eit samarbeid mellom kommune og næringa. Øyremerka midlar bør gå til reiselivsrelaterte fellesgode, og vere forankra i masterplanar/reiselivsstrategiar.

Arbeidet framover må sikre at ei besøksavgift vert opplevd som heilskapleg og rettferdig. Sognarådet oppfordrar om at det vert sett i gang pilottesting av modell med besøksbidrag for kommunar som har mange dagsbesøkande, men få overnattingar.

Kommunar i verdsarvfjordane i Sogneregionen m.fl. (gjennom samarbeidet «Fellesgodeprosjektet») er klare til å vera med i ei slik utprøving.

Med helsing

Roy Egil Stadheim

rådsleiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.